



Prop. 26 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2019 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 22. november 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med framlegg til endringar i statsbudsjettet 2019 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda.

2 Endringar i statsbudsjettet 2019

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 72

Riksantikvaren disponerer midlar under posten til dekning av utgifter til kulturminneundersøkingar i regulerte vassdrag. Basert på vurderingar av framdrifta i dei ulike undersøkingane som går føre seg, vil delar av pågåande arbeid og utbetalingsbehov bli forskyvd til 2020.

Det er avsett midlar under posten til departementets oppfølging av arbeidet med å etablere eit fullskala demonstrasjonsprosjekt for fangst og lagring av CO₂ i Noreg, blant anna kvalitetssikring av underlaget for investeringsavgjerda om fullskalaprojekt for CO₂-handtering i Noreg. Delar av arbeidet og utbetalingsbehovet blir forskyvd til 2020.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, til 16,5 mill. kroner.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.

Det er sett av 3,3 mill. kroner til Noregs økonomiske bidrag til ACER i 2019. Som følgje av at avgjerda om innlemming av den tredje energimarknadspakken i EØS-avtala, under dette forordninga om ACER, trådde i kraft 1. november 2019, vil det ikkje vere utgifter til ACER i inneverande år.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 3,3 mill. kroner, til 3,7 mill. kroner.

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Oljedirektoratet har motteke fleire søknader enn venta i samband med konsesjonsrunden i førehandsdefinerte område, TFO 2019, noko som gir auka arbeidsmengd til behandling av søknader. Arbeidet med å behandle konsesjonssøknader er gebyrfinansiert. Vidare skuldast auken meir tilsynsaktivitet.

Det er foreslått å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner, til om lag 312,9 mill. kroner. Ein viser til tilsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 01 Gebyrinntekter.

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Utgifter til Oljedirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) om rådgiving innanfor petroleumforvaltning for utviklingsland (Olje for utvikling) er anslått å bli 25 mill. kroner lågare enn gjeldande løyving. Reduksjonen skuldast mindre aktivitet i enkelte prosjekt som følgje av forseinka signering av nye institusjonsavtaler. Reduksjonen er delvis motsvara av auka utgifter til Diskos-samarbeidet (6,5 mill. kroner) som skuldast auka aktivitet. Det er sett i gang fleire prosjekt og det har vorte meir konsulentbistand enn opphavleg budsjettet.

På denne bakgrunnen er det foreslått å redusere løyvinga med 18,5 mill. kroner, til 100,5 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 01 Driftsutgifter

Det er foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, til om lag 571,4 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsauke under kap. 2490, post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Utgifter til internasjonale rådgivingsoppdrag og bistand innanfor vassdrags- og energisektoren, er

anslått å bli 17 mill. kroner lågare enn gjeldande løyving. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet og forseinkingar i ulike program.

På denne bakgrunnen er det foreslått å redusere løyvinga med 17 mill. kroner, til 72 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1840 CO₂-handtering

Post 72 Fullskala CO₂-handtering, kan overførast, kan nyttast under post 70

Ved Stortingets vedtak 21. juni 2019 vart det gitt ei tilleggsloyving på 150 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 195 mill. kroner til delfinansiering (75 prosent) av utgiftene til ein undersøkingsbrønn for CO₂-lagring. Brønnen inngår i arbeidet med forprosjektering av fullskalaprojektet for CO₂-handtering. Undersøkingsbrønnen vil redusere uvissa i prosjektet. Statens utgifter til undersøkingsbrønn inklusive eventuelle utgifter ved fjerning, er samla avgrensa oppover til totalt 345 mill. kroner.

Equinors oppdaterte utbetalingsplan viser eit utbetalingsbehov i 2019 på om lag 180 mill. kroner mot tidlegare estimert 150 mill. kroner. Vidare har arbeidet med brønntesting og analyse auka. Resterande utbetalingsbehov på 165 mill. kroner er foreslått i budsjettet for 2020.

På denne bakgrunnen er det foreslått å auke løyvinga med 30 mill. kroner, til 329 mill. kroner.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.1 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2019 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap/post/ underpost	Gjeldande løyving 2019 ¹	Forslag til ny løyving for 2019	Endring	
<i>Kap. 2440</i>				
30	Investeringar	29 000	27 000	-2 000
	Sum kap. 2440	29 000	27 000	-2 000
<i>Kap. 5440</i>				
24.1	Driftsinntekter	159 200	154 400	-4 800
24.2	Driftsutgifter	-27 400	-30 500	-3 100
24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 100	-2 100	-
24.4	Avskrivningar	-20 200	-23 200	-3 000
24.5	Renter av statens kapital	-2 900	-2 800	100
24	Driftsresultat	106 600	95 800	-10 800
30	Avskrivningar	20 200	23 200	3 000
80	Renter av statens kapital	2 900	2 800	-100
	Sum kap. 5440	129 700	121 800	-7 900
Kontantstraum til SDØE:				
	Innbetalingar ²	159 200	154 400	-4 800
	Utbetalingar ³	58 500	59 600	1 100
	Netto kontantstraum frå SDØE	100 700	94 800	-5 900

¹ Gjeldande løyving for 2019 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 18. desember 2018 og seinare endringar i 2019 (revidert budsjett), jf. Prop. 114 S (2018–2019) og Innst. 391 S (2018–2019)

² Innbetalningar = driftsinntekter

³ Utbetalningar = investeringar + driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er redusert med 2 000 mill. kroner, til 27 000 mill. kroner. Nedgangen skuldast lågare investeringsoverslag for fleire utbyggingar som Troll fase 3, Snorre/SEP og Johan Sverdrup, og utsetjing av enkelte mindre prosjekt. Det har òg vore lågare investeringar i produksjonsboring som følgje av seinare boreoppstart på Maria, og lågare driftsinvesteringar som følgje av optimalisering/prioritering av fleire mindre prosjekt. Reduksjonen er noko motverka av auka investeringar for offshore ferdigstilling av Martin Linge.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er redusert med 4 800 mill. kroner, til 154 400 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak lågare prisføresetnader for gass og

lågare gassal. Overslaget baserer seg på ein oljepris for 2019 på 559 kroner per fat. Det same som i revidert budsjett 2019.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 3 100 mill. kroner, til 30 500 mill. kroner. Auken skuldast høgare produksjonskostnader grunna høgare priser på straum og CO₂-kvotar, og auka vedlikehald på enkelte felt. Vidare skuldast det høgare tariff- og skiperkostnader, og auka kostnader til kjøp av tredjepartsgass.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er auka med 3 000 mill. kroner, til 23 200 mill. kroner. Auken skuldast større sal av olje frå fleire store felt som Gullfaks, Åsgard og Oseberg.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er redusert med 100 mill. kroner, til 2 800 mill. kroner. Nedgangen skuldast oppdatert rentesats.

Endringar i underpostar omtalt over medfører at overslaget over SDØEs driftsresultat er redu-

sert med 10 800 mill. kroner, frå 106 600 mill. kroner til 95 800 mill. kroner.

Overslaget for netto kontantstraum frå SDØE er redusert frå 100 700 mill. kroner til 94 800 mill. kroner, ein reduksjon på 5 900 mill. kroner frå gjeldande løyving for 2019.

Kap. 2490 NVE Anlegg

Post 24 Driftsresultat

Tabell 2.2 Endringar under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490 24.1	Driftsinntekter	-80 000	-128 500	-48 500
24.2	Driftsutgifter	75 300	125 800	50 500
24.3	Avskrivningar	4 500	2 500	-2 000
24.4	Renter av statens kapital	200	200	-
24.5	Investeringsformål	0	0	-
24.6	Reguleringsfond	0	0	-
24	Driftsresultat	0	0	-

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 48,5 mill. kroner, til 128,5 mill. kroner. Auken skuldast høgare omsetning som følgje av auka oppdragsmengd.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 50,5 mill. kroner, til 125,8 mill. kroner. Auken heng saman med utgiftsauke til varer, tenester og underleveransar som følgje av den auka oppdragsmengda.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.3 Avskrivningar er redusert med 2 mill. kroner, til 2,5 mill. kroner. Reduksjonen heng saman med lågare investeringar enn venta og at fleire eigedelar er ferdig avskrivne eller selde.

Ovannemnde endringar medfører inga endring i NVE Anlegg sitt driftsresultat.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

NVE har behov for ein hengar for å kunne transportere stort og tungt utstyr, som for eksempel gravemaskiner, over store avstandar i Nord-Noreg. Det er behov for slikt utstyr ved bered-

skapshendingar og lignande når det er fare for liv og eigedom. I region nord er det vanskeleg å leige tilsvarende utstyr på kort varsel. Dagens hengar er utrangert og må skiftast ut.

På denne bakgrunnen er det foreslått løyvd 2 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende reduksjon under kap. 1820, post 01 Driftsutgifter.

Kap. 4810 Oljedirektoratet

Post 01 Gebyrinntekter

Det er foreslått å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner, til 32 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsauke under kap. 1810, post 01 Driftsutgifter.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det er foreslått å redusere løyvinga med 18,5 mill. kroner, til 100,5 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1810, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det er foreslått å redusere løyvinga med 17 mill. kroner, til 72 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1820, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet

Post 70 Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag

Sektoravgift for kulturminnevern i regulerte vassdrag dekkjer kostnader til arkeologiske undersøkingar i vassdrag. Det er konsesjonar gitt før 1960 der det ikkje vart gjort arkeologiske undersøkingar ved utbygging, som er omfatta av ordninga når konsesjon skal fornyast eller vilkåra reviderast. Konsesjonæren betaler eit beløp basert på størrelsen på produksjonen i reguleringsmagasinet.

Det er foreslått ei løyving på 1,5 mill. kroner i 2019. Innbetalinga er knytt til fornya reguleringskonsesjon for Mesnavassdraget, Hjertvatn og Håkvikvassdrag.

Kap. 5685 Aksjar i Equinor ASA

Post 85 Utbytte

Equinor ASA har utbetalt til saman 14 744 mill. kroner i utbytte til Olje- og energidepartementet for tredje og fjerde kvartal 2018 og første kvartal 2019. For budsjettformål er det lagt til grunn eit kontantutbytte for andre kvartal 2019 tilsvarende utbetalinga for første kvartal 2019.

Det er på den bakgrunnen foreslått å auke løyvinga med 530 mill. kroner, til 20 000 mill. kroner.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytt til petroleumsverksemda.

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av desse fullmaktene sidan førre rapportering.

3.1 Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Stortinget har samtykt i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under følgjande føresetnader (jf. fullmakt XIV i Prop. 1 S (2018–2019)):

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsvis sider av betydning.
2. Øvre grense for dei samla investeringane per prosjekt utgjer 20 mrd. kroner.
3. Kwart enkelt prosjekt må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønsemd og vere rimeleg robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Fullmakta har blitt nytta ved følgjande høve¹:

Troll fase 3

Departementet tok 3. juli 2018 i mot søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) for Troll fase 3. Trollfeltet er bygd ut i fasar, og fase 3 gjeld utvinning av gassen i Troll Vest. Den valde utbyggingsløyvinga er ei undervassutbygging med to havbotnrammer og åtte gassbrønner kopl opp til Troll A-plattformen. Brønnstraumen blir ført til Troll A gjennom ei ny rørleidning for vidare kompresjon og eksport gjennom eksisterande infrastruktur. Produksjonsstart er i PUD venta i 2021. Rettshavarar er Equinor Energy AS (operatør, 30,58 prosent), Petoro AS (56 prosent), A/S Norske Shell (8,1 prosent), Total E&P Norge AS (3,69 prosent) og ConocoPhillips Skandinavia AS (1,62 prosent).

Dei totale investeringane er i endra PUD anslått til 7,8 mrd. kroner.

Endra PUD vart godkjent av Olje- og energidepartementet 7. desember 2018.

Gullfaks Shetland/Lista fase 2

Departementet tok 15. januar 2019 i mot søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) for Gullfaksfeltet for vidareutviklingsprosjektet Shetland/Lista fase 2. Prosjektet skal auke utvinninga i Gullfaksområdet ved å bore sju nye brønner for produksjon og injeksjon av vatn. Siste brønn er planlagt bora i andre kvartal 2022. Rettshavarar er Equinor Energy AS (operatør, 51 prosent), Petoro AS (30 prosent) og OMTV (Norge) AS (19 prosent).

¹ Til og med oktober 2019.

Dei totale investeringane er i endra PUD anslått til 2,2 mrd. kroner.

Endra PUD vart godkjent av Olje- og energidepartementet 14. juni 2019.

Solveig

Departementet tok 27. mars 2019 i mot søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for Solveig. Solveig er planlagt utbygd som ei undervassutbygging med fem brønningar knytt opp mot Edvard Grieg-plattformen. Venta produksjonsstart er i første kvartal 2021. Rettshavarar er Lundin Norway AS (operatør, 65 prosent), OMV (Norge) AS (20 prosent) og Wintershall Norge AS (15 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 6,5 mrd. kroner.

PUD for Solveig vart godkjent av Olje- og energidepartementet 26. juni 2019.

Duva

Departementet tok 22. februar 2019 i mot søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for Duva. Duva er planlagt utbygd som ei undervassutbygging med ein havbotnramme og tre brønningar knytt opp mot Gjøa-plattformen. Venta produksjonsstart er fjerde kvartal 2020. Rettshavarar er Neptune Energy Norge AS (operatør, 30 prosent), Idemitsu Petroleum Norge AS (30 prosent), Pandion Energy AS (20 prosent) og PGNiG Upstream Norway AS (20 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 5,5 mrd. kroner.

PUD for Duva vart godkjent av Olje- og energidepartementet 27. juni 2019.

Tor II

Departementet tok 1. juli 2019 i mot søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for Tor II. Tor-feltet er planlagt reutvikla med to havbotnrammer og åtte brønningar knytte opp til Ekofisk. Venta produksjonsstart er fjerde kvartal 2020. Rettshavarar er ConocoPhillips (operatør, 30,66 prosent), Total (48,20 prosent), Vår Energi (10,82 prosent), Equinor (6,64 prosent) og Petoro (3,69 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 6,1 mrd. kroner.

PUD for Tor II vart godkjent av Olje- og energidepartementet 14. november 2019.

3.2 Overdraging og samordning av delar i utvinningsløyve

Olje- og energidepartementet godkjente 6. mars 2019 at Petoro på vegne av staten ved SDØE deltok i ei forenkla samordning mellom utvinningsløyva 435 og 211, jf. fullmakt XII punkt 2 i Prop. 1 S (2018–2019). Samordning av Dvalinområdet gjennom utjamning av deltakardelane i dei to utvinningsløyva er nødvendig før ressurspotensialet kan avklarast gjennom ein leitebrønn på Dvalin Nord. Petoro er rettshavar med ein deltakardel på 35 prosent i utvinningsløyva 435 og 211.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2019 under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2019 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2019 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i> , blir sett ned med	10 000 000
		frå kr 26 500 000 til kr 16 500 000	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv., blir sett ned med	3 300 000
		frå kr 7 000 000 til kr 3 700 000	
1810		Oljedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir sett opp med	5 500 000
		frå kr 307 447 000 til kr 312 947 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med	18 500 000
		frå kr 119 000 000 til kr 100 500 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	01	Driftsutgifter, blir sett ned med	2 000 000
		frå kr 573 443 000 til kr 571 443 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med	17 000 000
		frå kr 89 000 000 til kr 72 000 000	
1840		CO ₂ -handtering	
	72	Fullskala CO ₂ -handtering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> , blir sett opp med	30 000 000
		frå kr 299 000 000 til kr 329 000 000	
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	30	Investeringar, blir sett ned med	2 000 000 000
		frå kr 29 000 000 000 til kr 27 000 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
2490		NVE Anlegg	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter	-128 500 000
		2 Driftsutgifter	125 800 000
		3 Avskrivningar	2 500 000
		4 Renter av statens kapital	200 000
		5 Investeringsformål	0
		6 Reguleringsfond	0
			<u>0</u>
(NY)	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , blir løyvd med	2 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4810		Oljedirektoratet	
	01	Gebyrinntekter, blir sett opp med	5 500 000
		frå kr 26 500 000 til kr 32 000 000	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med	18 500 000
		frå kr 119 000 000 til kr 100 500 000	
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med	17 000 000
		frå kr 89 000 000 til kr 72 000 000	
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter	154 400 000 000
		2 Driftsutgifter	-30 500 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 100 000 000
		4 Avskrivningar	-23 200 000 000
		5 Renter av statens kapital	-2 800 000 000
			<u>95 800 000 000</u>
	30	Avskrivningar, blir sett opp med	3 000 000 000
		frå kr 20 200 000 000 til kr 23 200 000 000	
	80	Renter av statens kapital, blir sett ned med	100 000 000
		frå kr 2 900 000 000 til kr 2 800 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet	
(NY)	70	Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag, blir løyvd med	1 500 000
5685		Aksjar i Equinor ASA	
	85	Utbytte, blir sett opp med frå kr 19 470 000 000 til kr 20 000 000 000	530 000 000
